

Andrea Rice for tredje gong på Dønhaug

30.07.2008



Andre Rice spelar på mange strengar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag 7..og torsdag. 14. august. vil den folkekjære, irske artisten, Andrea Rice ha konsert/pub-session i Dønhaugkjedlaren. Dette blir tredje året på rad at ho vitjar Dønhaug på sine årlege sommarturnear. Dei føregåande åra har ho samla fullt hus både i kjellaren og på låven.

Andrea er blant Irlands beste og mest etterspurde Folk &Ballade live-artistar. Med glitrande framføringer av dei  
[www.uskedalen.no/no/nyhende/2260/](http://www.uskedalen.no/no/nyhende/2260/)

beste irske songane opp gjennom tidene, trollbind ho sitt publikum og skapar den gode stemninga som er blitt hennar kjennemrke.

Andrea er ein artist som trivest best når ho får syngja og spela i lokaler med sær preg, og der ho kjem i nær kontakt med publikum. Dønhaugkjedlaren har vist seg som eit ypparleg lokale i så måte. Andrea har gitt uttrykk for at stemninga og atmosfæren i Dønhaugkjedlaren er nesten som å opptre på ein irsk pub heime i Irland.

På konserten den 7. august vil ho ha med seg ektemannen Fee Dobbin på kontrabass/bodhran, Michael Chang på fiolin, Geoff Ward på banjo/mandolin: Andrea sjølv trakterar akustisk gitar, harpe og fløyte i tillegg til song. Desse fire deltok også på konserten i Dønhaugkjedlaren 2007.

Michael og Geoff reiser attende til Irland etter den første konserten p.g.a. oppdrag i heimlandet. Dei blir erstatta av ein av Irlands fremste musikarar, **Brendan Monaghan**. Han spelar ulike instrument bl.a. Ullanpipe (irsk sekkepipe). Difor vil konsertane desse to torsdagane ha ulikt preg, og med ulik vekt på variasjonen innan irsk tradisjonell musikk og irsk-country.

Det vert ikkje førehandssal av billettar til desse to kveldane, men gjestene kan reservera plass på førehand og henta bill. ved inngangen.

I fjar og året før var det dessverre mange det ikkje var plass til på konsertane i Dønhaugkjedlaren, verkskapet vonar difor at med to konsertar vil fleire få høve til å oppleva denne fantastiske artisten og hennar framragande musikarar. Dei som legg turen til Dønhaug ein av desse to kveldane, vil få ei oppleveling dei kan leva lenge på.

Av Magne Huglen